



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Ragne Aasan

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat, Ungdomsråd 11.04.19

Ungdomens kulturhus Gapahuken

Møtt: Ragne, Geir Kjetil, Kristin, Sebastian, Margrete

Ikkje møtt: Niklas Olai

For kommunen: Øystein Skattebu

Referatsaker

Stikkord frå "Ungt preik", 11.4.19

Jamfør sak, 19/06 har ungdomsrådet starta med diskusjonskveldar for ungdom. Arrangementet som har fått namnet "*Ungt preik*", er eit diskusjonsforum der unge kan prate o ulike saker som opptek dei, utan sakliste eller formell innkalling. Arrangementa er ope for all ungdom som ynskjer å delta.

Ungt preik er meint som eit verkty for å finne ut kva ungdom engasjerer seg for, og som kan legge grunnlag for saker ungdomsrådet ynskjer å ta vidare til politikarar og administrasjon. Det kan vere daglegdagse og personlege ting, eller større saker som angår alle.

På "Ungt preik" i Gapahuken, 11.4.19, møtte sju ungdomar, som diskuterte følgjande tema:

Ungdom og festkultur

Alkohol på fest er ei vanleg greie for mange ungdommar, men det er og mange som vel ikkje å drikke. Det er enkelte som byrjar å drikke alkohol i 8.klasse, men det er fyrst og fremst mot slutten av 10.klasse og i vidaregåande skule at det er mest utbreidd.

Mangel på gardsbruk

Ei undersøking frå Valle syner at det er mangel på ledige gardsbruk, sett i forhold til talet på nyutdanna agronomar som ynskjer å drive gard. Korleis kan me få liv i tomme småbruk i Øystre Slidre og legge til rette for drift på desse? Kor stort må ein drive for at ein gard skal vere bærekraftig, eller for å ikkje måtte ha annan jobb ved sida av landbruket? Kan Øystre Slidre kommune sette i gang eit liknande prosjekt som dei har (har hatt?) i Vang og Vestre Slidre, for å få liv i nedlagde småbruk?

Ungdomsråd for Valdres

Eit par medlem frå ungdomsrådet deltok på workshop for etablering av ungdomsråd i Valdres, 10.4.19. Det er håp om at eit slik råd vil bli starta i løpet av 2019. Organisering av dette arbeidet vert leia av VNK, i samarbeid med ungdomskonsulentar, kultursjefar og.l., samt ungdomsråda i Valdres.

Manglande elevinvolvering i skulen



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Ragne Aasan

Bygginvegen 1989, 2940 Heggenes

ØSUS skal ikkje lengre sette opp kabaret for 10.klasse. Dette meiner ungdomen er svært dumt, då det har vore ei viktig greie for elevane gjennom mange år. Ungdomen kjenner at dei ikkje har fått ei god forklaring på kvifor skulen legg ned dette tilbudet. Det stillast og spørsmål kring skuletur for 10.klasse, og kva alternativ som vil koma til den skuleturen 10.klasse har tent pengar til gjennom kabareten.

Negativt FAU ved juleballet 2018

Ungdomen opplever at FAU ikkje tek ungdomen på alvor når det kjem til gjennomføring av Juleballet. Ungdomen vart spurde om innspel til ulike ting ved ballet, som mat, bordpynt, bruk av fotograf, lov å ha med mobil m.m. Dei fleste av ynskja til ungdomen vart i deira auge sett til side, til fordel for FAU sine egne ynskje og prioriteringar. Er ikkje juleballet elevane sitt julebord? Bør dei ikkje få vere med å bestemme korleis dette vert arrangert? Det er i det minste ynskje om at det vert gjere gode forklaringar til kvifor ein ikkje får i gjennom egne ynskje.

19/7 Nedlegging av kabaret for 10.klasse

På bakgrunn av diskusjon i "Ungt preik" i Gapahuken 11.4.19 kring nedlegging av kabaret for 10.klasse ved ØSUS, vil Ungdomsrådet å fremje ynskje om skriftleg forklaring på kvifor skulen vel å legge ned dette tilbudet.

Ungdomen kjenner at dei ikkje har fått ei god forklaring på dette, og at det verserer fleire rykte kring årsakar til denne avgjerda. Ungdomsrådet meiner dette er noko dei, elevrådet og elevane burde bli informert betre om, og at dei burde få rom til å vere med å diskutere alternative løysingar ved den modellen kabareten har hatt, slik at den fortsatt kan vere eit tilbud, men meir i tråd med kommunen og skulen sine oppgåver og retningslinjer. Ein bør i det minste sjå på alternative løysingar, før ein vel å droppe heile greia. Ungdomsrådet meiner det skal vere mogleg å koma fram til ei løysing der ein beheld tilbudet med kabaret for 10.klasse, men at den vert gjennomført i tråd med lovar og reglar, læreplan m.m..

Vedtak:

Ungdomsrådet ber Øystein sende brev til rektor ved ØSUS, samt skulesjefen, og be om ei skriftleg forklaring for denne avgjerda. Ungdomsrådet ynskjer og ei uttale på kva alternativ som vert sett inn i staden for kabareten, og evt. andre planer for skuletur for 10.klasse.

Sekretær, Øystein Skattebu